



Sjøfartsdirektoratet

Dato: 09.12.2015
Vår ref.: 2015/11453-8
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå kvalifikasjonsføreskrifta

Per Aasmundseth ynskjer å slutte i rollen som teamleiar for dekksoffisersavdelinga ved Bergen maritime fagskole. Dette vert gjeldande frå 01.01.2016.

Skulen finn det mest formålstenleg å tilsetje ny fagleg leiar til skulestart 2016 og ynskjer difor at avdelingsleiar Håvard E. Waage overtar fagleiarrollen fram til sommaren 2016. Han har tidlegare hatt denne rolla i kombinasjon med avdelingsleiarrolla på Austevoll maritime fagskule i fleire år og fungerer i dag som avdelingsleiar på begge studiestadar.

Vi ynskjer difor å søkje om dispensasjon frå kravet i kvalifikasjonsføreskrifta om at fagleiar skal ha, eller ha hatt, sertifikat minst på nivå med funksjonane det vert undervist i. I føreskrifta vert det omtala at dersom ein har kompetanse på høgare utdanningsnivå så kan ein få fritak frå kravet om sertifikatets nivå. Waage er utdanna Bachelor i nautikk og har tileigna seg kompetanse innan dekksoffisersutdanninga gjennom fleire år som fagansvarleg og gjennom aktiv deltaking ved utarbeiding av nye emneplaner.

Vonar på positivt svar frå dykk.

Roald Kvamme
styreleiar Hordaland fagskulestyre

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Per Otto Årland